

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 29.09.2011 kl 16:00 – 20.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 068/11 - 076/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 23.09.2011.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	Vigdis Søvik
Ragnvald Tangedal, vara	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
Laila Solhaug Reknes	Karstein Totland	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Dina Merete K. Dyrhovden		
Lars Solheim		

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Erlend Kvamsdal	Per Einar Langhelle
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	Tilleggsak 76/11 Skuleskyss for elevane i Trodalen Innspeil til sak om kommuneplan frå Ingvar Bogetveit, dagsett 21.09.11
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	

Ordførar Håkon Matre ynskte velkomen til det nest siste kommunestyremøtet i denne perioden.

**Innkallinga vart godkjent.**

Ordførar Håkon Matre opplyste om at det frå rådmannen var fremja ei sak om Skuleskyss. Saka er parallell til dei sakene som kommunestyret har handsama tidlegare i haust. Ordførar gjorde framlegg om å tilføra saka til saklista som nr 76/11. Dette vart samrøystes vedteke.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om Terje Sætre og Frode Langhelle til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

**Sakslista vart godkjent.**

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
068/11	11/628	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
069/11	11/525	Kommuneplan for Masfjorden 2011 - 2023	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
070/11	10/454	Sal av eigedom gnr 30 bnr 17 på Sandnes	13
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
071/11	11/393	Områdeplan Sandnes - finansiering av planarbeid for planområde mellom barnehagen og skulen	20
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
072/11	11/397	Søknad om lån og tilskot i kraftfondet til Stordalen skisenter	26
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
073/11	11/516	Matre H kraftverk - vurdering av konsesjonsplikt	31
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
074/11	11/369	Budsjettrevisjon av årsbudsjettet for 2011	38
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
075/11	11/627	Skriv og meldingar	53
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
076/11	10/855	Skuleskyss for elevane i Trodalen	55

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.09.2011	068/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/628
-----------	---------------------

### SAK 068/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.09.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-068/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.09.2011 dato vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	22.09.2011	028/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.09.2011	069/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.3

Arkivsaknr.: 11/525

## SAK 069/11 - KOMMUNEPLAN FOR MASFJORDEN

### 2011 - 2023

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhalda av plan- og bygningslova § 11-14 vert Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 med Samfunnsdel, Planskildring, Plankart og temakart, Føresegner og Konsekvensutgreiing og ROS-analyse sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

#### **Finansiering**

Driftsbudsjetta

#### **Heimel**

Plan- og bygningslova

#### **Utskrift vert sendt:**

Høyringspartane

Utskrift til høyringspartane.

#### **FUP-028/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

I medhalda av plan- og bygningslova § 11-14 vert Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 med Samfunnsdel, Planskildring, Plankart og temakart, Føresegner og Konsekvensutgreiing og ROS-analyse sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

**Det skjedde i Fast utval for plansaker den 22.09.2011:**

Varaordfører orienterte og viste til arbeidsmøte med gruppeleiarane / planutvalsmedlemmer på mandag 19.09.2011 og bad om at innspel til kommuneplanen vart levert skriftleg før dei vart drøfta.

Vigdis Søvik (Sp)

- Senterparitetet gjer framlegg om at fiskeklass v/Brimneset vert vidareført i den nye kommuneplanen.

Willy Borge (FrP)

- Masfjorden FrP opprettheld grunneigar sitt innspel som gjeld areal for nytt bustad-område, B1, rett vest/nordvest for Grunnevika i Duesund. Dette er svært viktig med tanke på folketalsauke og vil ikkje bandlegge meir areal eller den ålmenne tilkomst til strandlina i omsøkt område. Eventuelle justeringar bør kome i samband med arealplan / reguleringsplan for området.
- Masfjorden FrP vil auke arealet for næring ved Hosteland. Utvida område bør gå slik skissa viser mot aust til og med myr bak butikken til Lammetjørna, i grensa til fritidsbustad og til elv frå Lammetjørna, på sør/vest frå Mesta (Åge Riisnes sin eigedom) til elv frå Lammetjørna – evt vei til byggeområde.
- Når det gjeld gamle Skjelsundet bustadområde, endre formål til kombinert byggeformål for lettare å få naust + marina etc.

Marit Steinestø (KrF)

- Kjerneareal for landbruket, jf vedtak i planutvalet 07.01.2010 som sak 003/10, vert lagt inn i kommuneplanen.
- Innspel på naust og parkering inkludert vegtilkomst på Solheim jf kart.

Kommunestyret tar stilling til punkta som er lista over. Desse punkta vart drøfta – men ikkje stemt over – i planutvalet.

## **KS-069/11 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert **Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 med Samfunnsdel, Planskildring, Plankart og temakart, Føresegner og Konsekvensutgreiing og ROS-analyse sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn slik han ligg føre med desse endringane gjort i møtet:**

- **Fiskeplass v/Brimneset vert vidareført i den nye kommuneplanen.**
- **Grunneigar sitt innspel som gjeld areal for nytt bustadområde B1 vert oppretthalde rett vest/nordvest for Grunnevik i Duesund. Dette er svært viktig med tanke på folketalsauke og vil ikkje bandlegge meir areal eller den ålmenne tilkomst til strandlina i omsøkt område. Eventuelle justeringar bør kome i samband med arealplan / reguleringsplan for området.**
- **Arealet for næring ved Hosteland vert auka. Utvida område bør gå slik skissa viser mot aust til og med myr bak butikken til Lammetjørna, i grensa til fritidsbustad og til elv frå Lammetjørna, på sør/vest frå Mesta (Åge Riisnes sin eigedom) til elv frå Lammetjørna – evt vei til byggeområde.**
- **Naust og parkering inkludert vegtilkomst på Solheim jf kart, vert tatt inn.**
- **Dersom området ved Storeskjeret og ferjekaia kan leggjast inn som formål samferdsel/næring ønskjer me at dette blirt gjort. Adminstrasjonen sjekkar ut dette før planen blir lagt ut på høyring.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Ordførar orienterte om saka.

Det vart delt ut framlegg frå Venstre til kommunestyret si handsaming av kommuneplanen. Framlegga var signalisert i gruppeleiar møtet som var den 19. september.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om dokumenta planskildring og føresegner som no er ferdigstilt. Det er mest nytt på s. 22 i føresegnene.

Fiskeområdet som ikkje låg i Fiskeridirektoratet sine register, men som låg i vår kommuneplan er no lagt inn igjen i planen.

Rafoss gjekk gjennom kartet og orienterte om det som er lagt inn i arealplankartet for heile kommunen.

**Wenke Ekren, H,** opplyste om at det låg eit nothus som skulle vore markert som kulturminne på Kvingebakken.

Ordførar Håkon Matre konkluderte etter gjennomgangen at det har tatt mykje tid for å få kommuneplanen på plass pga av nye plankrav, men at me har fått ein god plan.

**Endringsframlegga som låg føre frå partia og signalisert i Fast utval for plansaker:****Leila T. Andvik (V)**

1. Næringsareal ved Storeskjeret og på og rundt ferjekaia vert teke inn i planen som samferdsel /næring. (Konsekvensutgreiinga s. 160 -162 og s. 164-166)
2. Lokalitetar for akvakultur bør endras til å plasserast minimum 150-200m ut i frå land.
3. Areal på Sandnes, gnr. 30, bnr. 1 (Konsekvensutgreiinga s. 32-34) vert teke inn i planen saman med ny veg frå krysset ved kommunehuset til kyrkja.

**Vigdis Søvik (Sp)**

- Senterparitetet gjer framlegg om at fiskeplass v/Brimneset vert vidareført i den nye kommuneplanen.

**Willy Borge (FrP)**

- Masfjorden Frp opprettheld grunneigar sitt innspel som gjeld areal for nytt bustad-område, B1, rett vest/nordvest for Grunnevika i Duesund. Dette er svært viktig med tanke på folketalsauke og vil ikkje bandlegge meir areal eller den ålmenne tilkomst til strandlina i omsøkt område. Eventuelle justeringar bør kome i samband med arealplan / reguleringsplan for området.
- Masfjorden FrP vil auke arealet for næring ved Hosteland. Utvida område bør gå slik skissa viser mot aust til og med myr bak butikken til Lammetjørna, i grensa til fritidsbustad og til elv frå Lammetjørna, på sør/vest frå Mesta (Åge Riisnes sin eigedom) til elv frå Lammetjørna – evt vei til byggeområde.
- Når det gjeld gamle Skjelsundet bustadområde, endre formål til kombinert byggeformål for lettare å få naust + marina etc.



**Marit Steinestø (KrF)**

- Kjerneareal for landbruket, jf vedtak i planutvalet 07.01.2010 som sak 003/10, vert lagt inn i kommuneplanen.
- Innspel på naust og parkering inkludert vegtilkomst på Solheim jf kart.

Saka vart drøfta.

**Leila T. Andvik, V**, ba om gruppemøte før avrøysting.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss synte på kartet dei områda som det låg føre endringsframlegg til.

Ordførar Håkon Matre synte til s. 41 i konsekvensutgreiinga om Frøyset og spurde om kvifor det ikkje var skrive noko under punkta Folkehelse, Lokalsamfunnsutvikling, og næringsliv og sysselsetjing på dette området.

Matre ba administrasjonen sjå nærare på dette.

Møtet vart no heva og det vart gruppeleiar møte.

**Etter at møtet vart sett gjekk Leila T. Andvik gjennom forslaga som var drøfta på gruppeleiar møtet:**

- Sp opprettheld sitt framlegg
- KrF opprettheld sine framlegg,
- Frp trekkjer pkt 3 i sitt framlegg,
- Venstre trekkjer pkt 3 i sitt framlegg og har tekstendring i pkt 1.

Ny formulering på pkt 1 i Venstre sitt framlegg:

*Dersom området ved Storeskjeret og ferjekaia kan leggjast inn som formål samferdsel/næring ønskjer me at dette blirt gjort. Adminstrasjonen sjekkar ut dette før planen blir lagt ut på høyring.*

**Røysting:**

Det vart fyrst røysta over Senterpartiet sitt framlegg.

**Senterpartiet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

Det vart så røysta over Frp sine framlegg.

**Frp sitt framlegg kulepunkt 1 vart samrøystes vedteke.**

**Frp sitt framlegg kulepunkt 2 vart samrøystes vedteke.**

Det vart så røysta over KrF sine framlegg.

KrF sitt framlegg kulepunkt 1 fekk 4 røyster (KrF og Sp) og fall.

**KrF sitt framlegg til kulepunkt 2 vart samrøystes vedteke med tilføyning av tre ord tilslutt i siste setning: .....vert tatt inn.**

Det vart så røysta over pkt 1 i Venstre sitt framlegg.

**Venstre sitt framlegg pkt 1 vart samrøystes vedteke.**

Venstre sitt framlegg pkt 2 fekk 2 røyster (V) og fall.

Det vart tilslutt røysta over Fast utval for plansaker sitt framlegg med tilføyning av endringar gjort i dette møtet.

**FUP sitt framlegg vart samrøystes vedteke med endringar gjort i møtet.**

#### **VEDTAK:**

I medhalda av plan- og bygningslova § 11-14 vert Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 med Samfunnsdel, Planskildring, Plankart og temakart, Føresegner og Konsekvensutgreiing og ROS-analyse sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre med desse endringane gjort i møtet:

- Fiskeplass v/Brimneset vert vidareført i den nye kommuneplanen.
- Grunneigar sitt innspel som gjeld areal for nytt bustadområde B1 vert oppretthalde rett vest/nordvest for Grunnevik i Duesund. Dette er svært viktig med tanke på folketalsauke og vil ikkje bandlegge meir areal eller den ålmenne tilkomst til strandlina i omsøkt område. Eventuelle justeringar bør kome i samband med arealplan / reguleringsplan for området.
- Arealet for næring ved Hosteland vert auka. Utvida område bør gå slik skissa viser mot aust til og med myr bak butikken til Lammetjørna, i grensa til fritidsbustad og til elv frå Lammetjørna, på sør/vest frå Mesta (Åge Riisnes sin eigedom) til elv frå Lammetjørna – evt vei til byggeområde.
- Naust og parkering inkludert vegtilkomst på Solheim jf kart, vert tatt inn.
- Dersom området ved Storeskjeret og ferjekaia kan leggjast inn som formål samferdsel/næring ønskjer me at dette blir gjort. Administrasjonen sjekkar ut dette før planen blir lagt ut på høyring.

## SAKSTILFANG:

Samfunnsdelen  
Planskildring  
Føresegner  
Arealplankartet  
Verdikartet  
Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

### **Tidlegare handsamingar av kommuneplanen:**

Fast utval for plansaker:	29.08.2011
Kommunestyret:	08.09.2011
Gruppeleiar møte	19.09.2011

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Planprogrammet for kommuneplan for Masfjorden kommune vart vedteke i kommunestyret 28.05.2009 . Kommunen har tidlegare ikkje utarbeidd ein heilskapleg samfunnsdel av kommuneplanen, men har hatt kommunedelplanar på ulike fagområde. Gjeldande arealdel vart vedteken 23.02.2006.

Arbeidet med kommuneplanen har vore krevjande, og teke mykje lenger tid enn føresett. Ny plan- og bygningslov har gitt faglege utfordringar og stiller store krav til kvaliteten på arbeidet.

### FAKTA

Framlegget til kommuneplan for Masfjorden kommune 2011-2023 har følgjande dokument:

#### **Samfunnsdel**

Denne delen er ein heilskapleg gjennomgang av den kommunale verksemda. Samfunnsdelen peikar på utfordringar og drivkrefter for vår kommune, og prioriteringar, hovudmål, delmål og tiltak for planperioden er formulert.

#### **Planskildring**

Dette dokumentet fortel korleis kommunen har arbeidd med kommuneplanen fram til dei juridisk bindande dokumenta, plankart og føresegner. Planskildringa skal og lesast som retningsliner til plankartet

#### **Plankart**

Arealplankartet er juridisk bindande for arealbruken i kommunen.

#### **Føresegner**

Krav til arealbruk og planlegging som utdjupar plankartet og er juridisk bindande.

#### **Konsekvensutgreiing og ROS-analyse.**

Her er framlegg til nye tiltak konsekvensutgreidd, ROS-analysert og verknadene for natur, miljø og samfunn dokumentert.

## Tema- og verdikart

### VURDERING

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen tok utgangspunkt i kommunen sitt prosjekt ” **Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden.**” Til grunn for dette prosjektet lå nedgang både i folketal og barnetal og svært lite bustadbygging i kommunen. Planprogrammet peika på behovet for folketalsauke og bustadbygging dersom Masfjorden skulle vera eit livskraftig og berekraftig lokalsamfunn i framtida. Dette vart og dei viktigaste måla for Masfjorden kommune i kommuneplanarbeidet.

I planprogrammet står det:

Folk = berekraft - både sosialt, økonomisk og i tenesteproduksjonen

Masfjorden kommune vil i kommuneplanperioden satsa vidare på lokalsamfunnsutvikling med folketalsauke, bustadbygging og næringsutvikling som tydelege satsingsområde. Dermed er samferdsle og kommunikasjon ei hovudutfordring, og bru over Masfjorden er sett som kommuneplanen sitt hovudmål for å få resultat på satsingsområda.

### KONKLUSJON

Verknadane av hovudmåla i samfunns- og arealdelen kan oppsummerast slik:

Me arbeidar mot vidare folketalsauke i kommunen vår som skal gje ein berekraftig kommune med livskraftige bygder der innbyggjarane har gode tenester og ein god livskvalitet. Dette skal ikkje skje på bekostning av naturkvalitetane og produksjonsområda våre.

Masfjorden kommune har rikeleg areal til å takle vekst i folketalet utan å byggje ned verdfullt landskap. Dei store inngrepsfrie fjellområda og øyane våre vert verna både gjennom verdikartet og med omsynssoner i arealplankartet.

Masfjorden kommune har lagt vekt på å finne trygge byggeområde nær eksisterande infrastruktur sjølv om terreng og natur utfordrar oss.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.09.2011	060/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.09.2011	070/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-130, N-PERM AVTALAR, N-30/17

Arkivsaknr.: 10/454

### SAK 070/11 - SAL AV EIGEDOM GNR 30 BNR 17 PÅ SANDNES

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Rådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt med ein av dei 2 anbydarane etter nærare forhandlingar og avklaringar med bakgrunn i dei skisser og løysingsforslag som føreligg, og bod.

#### Finansiering

Gap mellom bokført sum pr. 31.12.2010 i kommunerekneskapen for eigedommen og reell salssum vert dekkja av kraftfondet/kommunebudsjettet, post for tilrettelegging bustadføremål.

#### FS-060/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Rådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt med ein av dei 2 anbydarane etter nærare forhandlingar og avklaringar med bakgrunn i dei skisser og løysingsforslag som føreligg, og bod.

Tilbodet med 3 bueiningar er 1.prioritet pga storleik på einingane og attraktivitet for bustadkjøparane.

#### Det skjedde i Formannskapet den 22.09.2011:

Det vart delt ut saksutgreiing. Saka vart drøfta.

**Vigdis Søvik Sp**, sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Senterpartiet foreslår at eigedommen vert lagt ut til sal.*

**Willy Borge FrP**, sette fram følgjande tillegg til rådmannen sitt framlegg:

*Tilbodet med 3 bueiningar er 1.prioritet pga storleik på einingane og attraktivitet for bustadkjøparane.*

**Røysting:**

Det vart først røysta over framlegg frå Sp. Framlegg frå Sp fall med 4 mot 1 stemme.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over tilleggsframlegget frå FrP. Framlegg frå FrP vart samrøystes vedteke.

**KS-070/11 VEDTAK:**

- **Rådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt med ein av dei 2 anbydarane etter nærare forhandlingar og avklaringar med bakgrunn i dei skisser og løysingsforslag som føreligg, og bod.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Saka vart drøfta.

**Vigdis Søvik, Sp**, opprettheld sitt framlegg frå formannskapet:

*Senterpartiet foreslår at eigedomen vert lagt ut for sal.*

**Liv Oda Dale, Ap**, ber om at kommunestyret får førelagt intensjonsavtalen som ligg føre.

**Willy Borge, Frp**, ba om gruppeleiar møte før avrøysting.

Møtet vart no lukka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka og intensjonsavtalen som låg føre.

Kommunestyret drøfta saka og stilte spørsmål til rådmannen.

Etter at møtet var opna gjorde **Willy Borge, Frp**, framlegg om at kulepunkt to i framlegget frå formannskapet blir stroke.

**Røysting:**

Det vart fyrst røysta over Sp sitt framlegg.

Framlegget frå Sp fekk to røyster (SP) og fall.

Det vart så røysta over tilrådinga frå Fast utval for plansaker (Fup) punkt for punkt.

**Punkt 1 vart vedteke med 14 røyster mot 2 røyster (Sp)**

Punkt 2 i formannskapet si tilråding går ut. Samrøystes.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	07.06.2010	Eiendomsmegler Vest AS	Vedr kjøp av gnr 30 bnr 17 i Masfjorden kommune
13	I	14.06.2010	Frode Haugsvær	Intensjonsavtale
3	I	15.06.2010	Sp, Ap og Frp Gruppeleiarar i V	Sak til kommunestyremøtet 17.06.10 i høve kjøp av eigedom gnr 30/17 på Sandnes
4	I	24.06.2010	Eiendomsmegler Vest	Kjøpekontrakt gnr 30 bnr 17 på Sandnes
5	I	23.08.2010	Irene Kopysiewicz	Kjøpekontrakt for gnr 30/17 - gamlebanken
6	I	21.10.2010	Eiendomsmegler Vest AS	Retur av tinglyst skøyte gnr 30/17
7	U	13.01.2011	Aktuelle interessentar	Masfjorden kommune har for sal eigedom G.nr. 30 og B.nr. 17 på Sandnes - førespurnad frå kommunen
8	I	27.02.2011	Frode Haugsvær Maskin AS	Vedr sal av eigedom gnr 30 bnr 17 på Sandnes
9	I	01.03.2011	Gravdal hus as v/Olav Sylta	SKISSE FOR UTBYGGING AV GNR.30 , BNR. 17 I MASFJORDEN KOMMUNE
10	I	28.03.2011	Dorothee Raschwitz	Tilbod på kjøp av gamlebanken
11	U	26.05.2011	Dorothee Raschwitz	Tilbod på kjøp av gamlebanken

- Asplan viak, tettstadanalyse og framlegg til utvikling av Sandnes i Masfjorden, rapport
- Planskisser for alternative løysingar

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Gnr. 30, bnr 17 var vedteken kjøpt av Masfjorden kommune jf. KS sak 61/10, og kjøpekontrakt undertekna og handel gjennomført innan utgangen av oktober 2010. Salsprosessen starta i januar 2011.

## KS-061/10 VEDTAK:

- Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent.
- Eigedommen vert lagt ut for offentlig sal til bustadføremål med klare føringar på føremål.
- Kommunestyret oppfatar administrasjonen slik at det er etablert ein strategi som inneber at administrasjonen vurderer oppkjøp av bustader for å hindre at desse vert nytta som fritidsbustader. Dette er prinsippdiskusjon som ikkje er gjennomført i kommunestyret, jfr. kommunelova § 23 pkt 4.

Kommunestyret ber om at delegeringsreglementet kjem opp til ny politisk behandling. Der dette saksfeltet vert omtala i reglementet.

Før ei sak er behandla, skal kommunen ikkje delta i budprosessar eller på annan måte forhandle om kjøp av bustader.

### Finansiering

- Bruk av kraftfondet – midlar avsett til tilrettelegging bustadføremål.

### Heimel

1. Kraftfondsbudsjettet for 2010, Kommunestyresak 97/09 – post ”*tilrettelegging bustadføremål*”, med løyving 2010 med 800.000,- (+ avsetjing av unytta midlar i 2009 budsjettet med kr. 633.715,-, jf. Kommunestyrevedtak 27/2010 pkt. 3.
2. Kommunestyrevedtak sak 102/09. Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2010-12, handlingsplan og budsjett → Pilotbudsjettet 2010, tiltak Sandnes/sørsida – post bustadfelt/Veg/VA/næringsutvikling Sandnes med 500.000,-.
3. Delegeringsreglementet, m.a. pkt. I delegering til rådmannen

## HØYRING

Føresurnad januar 2011 til nokre aktuelle interessentar;

### «Sdo\_Tittel»

Masfjorden kommune har for sal eigedom G.nr. 30, bnr 17. Eigedommen har ein attraktiv, romsleg og fin tomt. På eigedommen står eit murhus som har leiligheit i øvste høgda, bustad/kontor/lager i kjellar og 1 et. Bygget vart i si tid bygd av Masfjorden sparebank. Opp gjennom åra har det mellom anna vore nytta som bank, bustad, tannlegekontor og barnehage. Bygget ligg i bustadområde, sentralt på Sandnes. Eigedommen vart kjøpt av kommunen vår/sommaren 2010, og overteke formelt i løpet av seinhausten 2010. I tråd med vedtak gjort av Masfjorden kommunestyre den 17.6.2010 vert eigedommen lagt ut for offentlig sal til bustadføremål med klare føringar på føremål. Det er i tråd med kommunen sine målsettingar at denne eigedommen framleis vert nytta til bustadføremål.

Kommunen ønskjer å komme i kontakt med aktuelle interessentar, med tanke på å selje eigedommen vidare, for å få realisert attraktive bueningar som kan føre nye innbyggjarar til kommunen. Ein ser for seg at det er mogleg å få oppført eit prosjekt med 2-6 bueningar – men her er vi opne for kreative innspel og løysingar som ein måtte ha.



Vi sender med dette ein invitasjon til selskap som vi meiner kan vere aktuelle samarbeidspartnarar/kjøparar, og ønskjer med dette å kalle inn til eit informasjonsmøte tysdag den 25. januar 11 på Kommunehuset, kommunestyresalen kl. 13.00 – kor vi og legg fram dokumentasjon/forenkla prospekt.

## UTTALE

Orientering i formannskapsmøta, og gjengitt i k-styret møteprotokoll 28.4.2011 og protokoll formannskapet 17.3.2011

### *Møteprotokoll formannskapet 17.3.2011;*

Fem entreprenørar var invitert til å komme med skisse og løysing for utvikling av eigedommen. 4 sa seg interesserte og ville vere med på tilbodsrunder. Det var sett frist til 1. mars med å komme med bod og på eigedommen/utbygging. Det har meldt seg to interessentar med løysingsframlegg og bod på eigedomen.

Begge desse tilboda verkar interessante.

Løysingane krev ei viss avklaring med vegvesenet i høve avkøyrslø og avstandar fylkesvegen, og eigne planar. Ein har vidare forhandlingar med bodgivarane framover.

Hofslundsengen ba om ei avklaring i høve offentleg sal og løysing som var valt, og tilrår at ein går vidare med dei innkomne tilboda. Alternativet er å leggja det ut for offentleg sal. Det har og vore interessentar som har meldt interesse og vil kjøpa bygget som det er. Salsprosessen går vidare med avklaringa med dei 2 bodgivarane.

### *Møteprotokoll Kommunestyret 28.4.2011;*

innleiingsvis viste ein til statusorienteringar overfor formannskapet generelt, og til møteprotokoll 17.03.2011 spesielt. Ein sit no att med to interessentar når det gjeld "gamlebanken". Begge har levert interessante og gode løysingar – men bod under det KS sak 61/10 la til grunn. I salsprosessen har ein og møtt på litt utfordringar, m.a. med avstand til Fv og avkøyrslø og har vore i kontakt og hatt synfaring med vegvesenet. Det har og komme bod frå kjøpar som vil overta eigedomen/tomta. Ein held fram drøftingar med dei 2 interessante med sikte på å komme fram til eit sal, basert på løysingar med hhv. 3 og 6 bueiningar, men vil og vurdere alternativt å lyse eigedomen ut for sal.

## FAKTA

Skriv etter første møte/dialog med interessentane, og status pr. 15.03.2011.

### «Sdo\_Tittel»

#### Planstatus:

Planstatus for eigedom 30/17: reguleringsplan frå 1978, der utnyttingsgraden er 0,1, tomten er på 1164m<sup>2</sup>, og kan først opp bustadhus, med max mønehøgde på 10m. I kommuneplan kan området verta endra på mht utnyttingsgrad og type bustadføremål. Utbyggjar må søkje om midlertidig dispensasjon frå plankravet fram til ny plan er godkjent.

### Avkjørsel og avstand til Fv 570

#### Avkjørsle:

Kommunen har søkt om utvida bruk av avkjørsle, der har statens vegvesen gjeve ei tilbakemelding på:

Med heimel i Veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det vil frå vår side kunne påreknast løyve til utvida bruk av avkjørsle frå Fv 570 hp 4 ved km 08 284 til bustadområde på gnr. 30 bnr. 17, under føresetnad om at dei tekniske krava vert oppfylte.

Avkjørsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og Vegdirektoratet sine regler om avkjørsler.

#### Avstand frå bygg til Fv 570:

Bygginga som ligg der i dag har ein avstand frå senterlinje Fv 570 til bygg på 17m. Kommunen har søkt om dispensasjon frå avstandskravet på 50m, der Statens vegvesen har gjeve dispensasjon på 25m.

Etter søknad av 07.02.11 gjev vi med dette dispensasjon frå byggjegrænse ved Fv 570 hp 1 km 08244. Dispensasjon for bustadar med ein avstand på 25 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 30 bnr. 17 i Masfjorden kommune.

Etter å arbeidd med saka over tid og synfaring/dialog med vegvesnet m.fl., har ein no avklart det meste av praktiske forhold og spørsmål.

Det var sett frist til 1. mars med å komme med bod og skisseløysing på eigedommen/utbygginga. Det har meldt seg to interessentar med løysingsframlegg og bod på eigedomen.

1. Det eine bodet er på 400.000,- med ein del forbehold og sal av 2/3 av i alt 6 bueiningar før prosjektoppstart.
2. Det andre bodet er på 350.000 for i alt 3 bueiningar

Skisser og løysingar for begge alternativa følgjer som saksvedlegg.

Det føreligg og 1 konkret bod på tomt/bustad slik det no står.

## VURDERING

Begge boda og løysingsforslaga som vi har fått etter anbudsprosess verkar interessante, og heilt i tråd med pilotprosjektet/tiltak Sandnes, og tilrådingar i Asplan viak, tettstadanalyse og framlegg til utvikling av Sandnes i Masfjorden med fokus på fortetting og ”lys i alle hus”. Med bakgrunn i nivå på kommunal medverknad i tilretteleggingsarbeidet for nye bustadar, vert det kommunale medverknaden låg. Ein tilrår at ein arbeidar vidare med avklaringa av desse 2 løysingsforslaga, og at det framleis vil ta tid før tiltak vert gjennomført/iverksett.

**Ein ønskjer i denne omgang ei avklaring kring om ein skal halde fram prosess med dei 2 anbydarane, eller alternativt selje tomt/bustad vidare etter utlysing og kunngjering, og kor ein pr. dato har bod langt høgare enn det dei 2 entreprenørane har komme med.**

Masfjorden kommune sitt fremste mål er å få fleire innbyggjarar. Skisseløysingane som no føreligg inneber inntil 6 bueiningar. Kommunen har hatt mange tiltak for å få fleire byggeklare tomter og fart i bustadbygginga, fleire av dei i samarbeid med grunneigarar og unge husbyggjarar. Ein har også drøfta politisk kva kommunen kan og bør gjera for å unngå at stadig fleire bustadhus vert fritidshus. Det har negative konsekvensar for bygdemiljøet når stadig fleire hus står tomme store deler av året. Kommunestyret har vurdert og handsama 0-konsesjon, men vedtok å ikkje innføra dette. Kommunen har innført kommunale kjøpekontraktar, der ein nyttar styringsmuligheiter som ligg i reguleringsføremålet, for at tomter og bustadhus i regulerte bustadfelt skal nyttast til bustadføremål og ikkje fritidsbruk.

Kommunen har i tråd med Haugsvær-modellen involvert seg i mange utbyggingsprosjekt knytt til ordninga med etableringstilskot. Nokre av desse prosjekta er heimla i eigne saker og politisk vedtak, andre er berre referert at ein er inne med støtte og heimla i budsjettvedtak kring tilrettelegging bustadføremål kraftfondet/årsbudsjettet. Medverknad er spreidd over heile kommunen, kor målet heile vegen har vore å ivareta det fremste målet til kommunen å få fleire innbyggjarar. Politiske signal i desse forholda har vore einseitig positive til det som har vorte gjort og praktisert over tid.

## KONKLUSJON

Kjøpet av eigedommen vart gjort juni 2010, men sjølve gjennomføring/overdraginga skjedde først i slutten av oktober. Grunna m.a. budsjettarbeidet, vart salsprosessen først starta i januar 2011, bod og løysingsforslag innan 1.mars, ein del praktiske avklaringar og hindringar stod deretter for tur, ein meiner at dei løysingsforslaga som no føreligg er interessante og at ein bør gå for realisering av eit av forslaga. Ein tilrår difor at det vert vidareført forhandlingar med dei 2 anbydarane for å komme fram til ei løysing. Arbeidet med salet og ei rekkje avklaringa er tidkrevjande, og ein har alternativet med å selje bustaden/tomt slik den føreligg med bakgrunn m.a. i at det føreligg allereie eit bod. Sal her krev då off.sal på nytt, med kunngjering – slik at andre interessentar kan komme med bod.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	22.09.2011	010/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.09.2011	071/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 11/393

### SAK 071/11 - OMRÅDEPLAN SANDNES - FINANSIERING AV PLANARBEID FOR PLANOMRÅDE MELLOM BARNEHAGEN OG SKULEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale med Norconsult AS om utarbeiding av områdeplan for Sandnes.

#### Finansiering

Finansiering ved kraftfondet av ramma for frie midlar til tildeling, kombinert med at ein søker om støtte HFK/pilot.

#### **KRFT-010/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale med Norconsult AS om utarbeiding av områdeplan for Sandnes.

#### Det skjedde i Kraftfondsstyret den 22.09.2011:

Saka vart drøfta.

Kraftfondstyret slutta seg til rådmannen si tilråding om å hente inn ekstern kompetanse til dette planarbeidet, men bad om at det vart protokollert at det ikkje vart fatta vedtak om at murbygget knytt til "gamle Mas" skulle rivast under synfaringa i vår.

Rådmannen orienterte om at det er planlagt vandringsmøte den 18.10.2011 der alle parter inkl. formannskapet kan møte plankonsulenten og kome med innspel direkte.

**Kraftfondsstyret tilrår samrøystes rådmannen sitt framlegg til kommunestyret.**

**KRFT-010/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale med Norconsult AS om utarbeiding av områdeplan for Sandnes.

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 22.09.2011:**

Saka vart drøfta.

Kraftfondstyret slutta seg til rådmannen si tilråding om å hente inn ekstern kompetanse til dette planarbeidet, men bad om at det vart protokollert at det ikkje vart fatta vedtak om at murbygget knytt til "gamle Mas" skulle rivast under synfaringa i vår.

Rådmannen orienterte om at det er planlagt vandringsmøte den 18.10.2011 der alle parter inkl. formannskapet kan møte plankonsulenten og kome med innspel direkte.

**Kraftfondsstyret tilrår samrøystes rådmannen sitt framlegg til kommunestyret.**

**KS-071/11 VEDTAK:**

**Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale med Norconsult AS om utarbeiding av områdeplan for Sandnes.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Saka vart drøfta.

**Vigdis Søvik, Sp**, synte til møteprotokoll frå Kraftfondsstyret sak 10/11 den 22.09.2011 og sa at Sp sitt innlegg der var feil sitert.

Det som skulle stått var: Denne setninga må gå ut av områdeplanen fordi planutvalet ikkje har vedteke det:

*Murbygninga kan planutvalet tenke seg å vøle å nytte til bustad.*

**Leila T. Andvik, Sp**, vil gå framlegget frå kraftfondsstyret slik det ligg. Andvik stilte desse spørsmåla:

Spørsmål 1: Når det vert referert til rekkefylgje i saksframstillinga, kva betyr det konkret?

Spørsmål 2: Når vil det tidlegast skje at nokon kan byggje hus på det gamle industriområdet? Kva tidsfrist har grunneigarar i området og dei som vil byggje å forhalde seg til?

Svar på spørsmål 1:

Når det gjeld rekkefylgjekrav, er desse juridisk bindande. I vårt tilfelle gjeld at gang- og sykkelvegen frå avkjørsla til nytt bustadfelt nedanfor vegen, må opparbeidast før detaljplanen for bustadfeltet kan effektuerast. Dvs før utbygginga kan gjennomførast. Gang- og sykkelveg vidare mot barnehagen må berre leggjast inn i planen.

Svar på spørsmål 2:

Når områdeplanen er ferdig og godkjend, må det også lagast ein detaljplan for bustadfeltet, sjølv om noko av planarbeidet kan utførast parallelt, vil prosessen ta noko tid. Det er vanskeleg å vurdera dette i dag.

### **Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	14.06.2011	Asplan Viak AS; Norconsult AS; Rambøll Norge AS; siv.ing. Holmefjord; Nordplan AS	Prisførespurnad på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
2	I	04.07.2011	Asplan Viak AS	Tilbud på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes
3	I	04.07.2011	Norconsult AS	Tilbud på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
4	U	08.07.2011	Asplan Viak AS	Svar på dykkar tilbod på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det er eit stort behov for byggeklare bustadtomter på Sandnes. Ei av dei aktuelle eigedomane som er etterspurd som bustadområde er i gjeldane reguleringsplan for Sandnes – Amundsbotn regulert til Industri. Det har vore gjort forsøk på om omregulere dette område til bustad både gjennom mindre vesentleg endring av reguleringsplan (vart stoppa av fylkesmannen og fylkeskommunen av di det ikkje var rett måte å gjere det på) og med full reguleringsplanprosess for heile område frå Sandneskaien til Varleite (stoppa (indirekte) av utreiingskravet etter kulturminnelova).

I framlegg til kommuneplan er reguleringsplanen for Sandnes – Amundsbotn foreslått oppheva slik at det er føresegnene til kommuneplanen som gjeld. Det er då lettare å regulere del for del innafor det ”gamle” planområde.

I gjeldande reguleringsplan for Sandnes – Amundsbotn er det uklart korleis vegframføring til noverande industritomt var tenkt. Rådmannen har jobba med å avklare veggrunn over naboeigedomen (frå Stykket der barnehagen og omsorgsbustadane ligg) men ikkje lukkast med å kome fram til ei god løysing. Eigar av ”industritomta” ønskjer veg frå fv 570 og ned i område. Det har vore gjennomført synfaring med vegvesenet og dei har stilt krav om at dei med ei slik løysing vil krevje sanning av eksisterande avkjørsler og etablering av gang- og sykkelveg for strekke mellom barnehagen og skulen før det vert gjeve løyve til bustadhus på feltet (rekkefølgekrav i reguleringsplanføresegnene).

Område der gamle sjukeheimen ligg vert i framlegg til kommuneplan forslått til eit kombinert bustad/næringsområde for slik å halde moglegheitene opne endå ei tid skulle ein lukkast med å selje bygga. Ei av utfordringane er at dagens avkjørsle vert opplevd som farleg. Det er difor behov for å sjå på utbetringar i kryssområdet eventuelt finn ny eigna stad for etablere godkjent avkjørsle.

Tippehuset ovafor den gamle sjukeheimen er i dårleg stand og rådmannen meiner at ein bør vurdere å rive bygget og bygge nye bustader på denne staden. Etter ei synfaring slutta planutvalet seg til denne tilrådinga. Utfordringa er at det ikkje er veg til tippehuset i dag. I dag ser ein to moglegheiter for vegframføring: anten kan tilkomst koplast på eksisterande kommunalveg i Sandneslia eller ein nytte ny avkjørsle til gamle sjukeheimen.

## FAKTA

Området mellom skule og barnehagen inneheld 4 ”ikkje godkjende” (utforma etter dagens krav) avkjørslar på nedsida av vegen og 1 ”ikkje godkjent” avkjørsel på oppsida av vegen (vegen til gamle sjukeheim).

Det er korkje kapasitet eller kompetanse i rådmannen sin stab til å jobbe med vegframføring i bebygde område og å finne gode og gjennomførbare løysingar for gang- og sykkelvegtrasear i krevjande grunnforhold / terreng.

Deler av område mellom skulen og barnehagen ligg i aktsemdkartet for steinsprang. Det er ikkje kompetanse i rådmannen sin stab til å utarbeide faresonekart for slik å redusere område som er teoretisks rasutsett og vurdere rassikringstiltak.

## VURDERING

Rådmannen er kjent med at det står unge par i kø for å bygge bustadhus på Sandnes. Det hastar difor no å klargjere byggeklare bustadtomter. Rådmannen meiner at ein bør gå vegen via ein områdeplan for Sandnes (område mellom skulen og barnehage) med særleg vekt på vegframføring til framtidige byggeområde. Utarbeiding av ein slik områdeplan bør kjøpast slik det vert gjort på Matre.

Rådmannen sendte ut prisførespurnad til 5 konsulentfirma der 2 leverte pris innan fristen. Prisforskjellen mellom dei to tilboda var ikkje signifikant når ein tok omsyn til at eine firma hadde prisa geologiske tenester mens det andre firma forutsette at kommunen ordna geolog sjølv.

Norconsult AS har prisa arbeidet inkludert geolog til 462 000 eks mva som er fordelt slik:

- Generell administrasjon og prosessleing, synfaring og oppstartsmøte og innhenting av informasjon – 53 000
- Møte med berørte og oppfølging fram til anbefaling for arbeidet vidare – 23 000
- Utarbeiding av planskisse, møte med kommunen og berørte – 88 300
- Utarbeiding av planmateriell - 126 700
- Rasrapport – 153 600
- Sluttmøte + reiseutgifter - 17 800

Det er i tillegg prissett følgjande opsjonar:

- Varsle opptart av planarbeid
- ROS-analyse (må ha full ROS-analyse sidan kommunen ikkje har utarbeidd overordna ROS-kartlegging)
- Støykartlegging (kjem eventuelt som krav frå Statens vegvesen)



Samla pris for desse opsjonane er 60 500 eks mva. Rådmannen vurderer at det kan vere tenleg å gjere avtale på dei første to opsjonane men rår til å vente med støykartlegging (krav om dette kan kome allereie når kommuneplanen vert sendt på høyring).

Følgjande opsjonar er ikkje prissett:

- Geoteknisk kompetanse (kan kome som eit krav frå NVE etter geolograpport)
- Idedugnad
- Juridisk kompetanse
- Illustrasjonsmateriell (f.eks 3D)

Av desse opsjonane er det berre den første som rådmannen vurderer kan verte aktuell og det bør settast av pengar til dette i budsjettet for 2012.

I tillegg til arbeidet som vert utført av Norconsult, vil det kome krav om å betale for undersøkingar innafor planområde heimla i kulturminnelova (normalt dekkja over driftsbudsjettet).

Rådmannen rår difor til at Masfjorden kommune gjer avtale med Norconsult AS slik tilbodet ligg før. Rådmannen rår og til at ein gjer tilleggsavtale med Norconsult AS når det gjeld dei 2 først prissette opsjonane. Samla sett vert det då skrive kontrakt på 497 500 eks mva.

## KONKLUSJON

Rådmannen ber om fullmakt til å gjere avtale med Norconsult AS om utarbeiding av områdeplan for Sandnes slik det er skissert over.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	22.09.2011	011/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.09.2011	072/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1

Arkivsaknr.: 11/397

### SAK 072/11 - SØKNAD OM LÅN OG TILSKOT I KRAFTFONDET TIL STORDALEN SKISENTER

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknaden frå Stordalen skisenter AS om lån kr. 100 000 og tilskot kr. 25 000 frå kraftfondet vert ikkje imøtekomen.

#### **Finansiering**

#### **Heimel**

Vedtekter for kraftfondet.

#### **KRFT-011/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Søknaden frå Stordalen skisenter AS om lån kr. 100 000 og tilskot kr. 25 000 frå kraftfondet vert ikkje imøtekomen.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 22.09.2011:**

Rådmannen orienterte om at det var opplista feil sakshandsamar på denne saka. Rett sakshandsamar er spesialrådgjevar Lovisa Midtbø.

Saka vart drøfta.

**Kraftfondsstyret tilrår samrøystes rådmannen sitt framlegg til kommunestyret.**

**KS-072/11 VEDTAK:**

**Søknaden frå Stordalen skisenter AS om lån kr. 100 000 og tilskot kr. 25 000 frå kraftfondet vert ikkje imøtekomen.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Saka vart drøfta.

**Erlend Kvamsdal, Frp**, stilte spørsmål om kva reglar som gjeld i kraftfondsvedtektene og det var mogeleg å visa skjønn.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at større søknader på over 500 000 skal gå til andre offentlege instansar. Stordalen skisenter har og fått ganske mykje støtte tidlegare.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteken.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.06.2011	Stordalen skisenter v/Arne Berg	Søknad kraftsfondet STordalen Skisenter
3	I	16.09.2011	Stordalen skisenter v/Arne Berg	Endeleg søknad fra Stordalen Skisenter

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det ligg føre søknad frå Stordalen skisenter om stønad frå kraftfondet med kr. 100 000 i lån og kr. 25 000 i tilskot. Midlane skal nyttast til ferdigstilling av snøproduksjonsanlegget. Bakgrunnen for søknaden er at skisenteret ikkje har fått så mykje spelemidlar som først pårekna.

### FAKTA

I søknaden gjev Stordalen Skisenter AS følgjande informasjon om skisenteret og bakgrunnen for søknaden:

*”Stordalen Skisenter AS er eid likt av Masfjorden kommune og Bjørn West IL. Formålet er å eie, drive og utvikle Skitrekket i Stordalen til beste for lokalbefolkning, hytteeiere og turister. Skisenteret har en driftsavtale med Bjørn West IL, og det deltar folk fra hele distriktet i drifta. Det har nå vært 5 driftssesonger, og det vil være omlag 5000 besøkende pr.år som gir ei omsetning på ca 500.000,-.*

*Snøproduksjonsanlegg: Kunstsno er en sikkerhet i år med lite snø, eller seint snøfall (eks 2010). Det gir også et godt underlag for natursnø da det er mer holdbart. Det gir bedre underlag slik at forholdene blir bedre både for besøkende og ikke minst gir det mindre slitasje på trakkemaskin. Det er også mulighet for at sesongen kan begynne tidligere. Investering i snøproduksjon begynte i 2008 med 2 snøkanoner og midlertidig vannforsyning. Vi valgte en gradvis utbygging for å skaffe oss erfaring. I 2010 begynte arbeidet med premanent vannforsyning fra Ulvedalsvatnet, pumpehus med 2 stk høystrykkspumper, samt nedgravde høytrykksrør, strømforsyning og hydranter til uttak. Mesteparten av arbeidet ble gjort høsten 2010, og i 2011 skal prosjektet ferdigstilles. Det ble gitt spillemidler til prosjektet.*

*Grunn til at vi søker om lån/tilskudd til ferdigstillingen er at vi hadde tenkt prosjektet todelt, og finansiering med 2 ulike spillemiddelsøknader. I januar i 2011 fikk vi beskjed fra fylket at de ikke godtok denne oppdelingen, og at snøproduksjonen måtte sees som et anlegg som allerede har fått tildeling. Derved mangler det finansiering på det som tilsvarer spillemiddelsøknad nr 2 for å ferdigstille anlegget. Dette er nå finansiert med kr 350.000,- fra Sparebanken Vest, samt søknad om lån/tilskudd i Kraftfondet.*

*Stordalen Skisenter AS er tidligere finansiert bl.a med konsesjonskraftmidler kr 3,5 mill, tilskudd fra kraftfondet kr 70.000,- samt at kommunen har satt inn kr 100.000,- i aksjekapital i selskapet. Totalt er det brukt om lag kr 8 mill i anlegget så langt.”*

**Samla investering for snøproduksjonsanlegget er** **kr. 2 422 500**

#### **Finansieringsplan:**

Spelemidler	kr. 700 000
Lån Sparebanken Vest (med pant i anlegget)	kr. 350 000
Kraftfondet	kr. 125 000
Kontantinnskot	kr. 350 000
Eige arbeid	kr 300 000
Over drifta	kr. 597 500

Tilsaman **kr 2 422 500**

**Kostnadsoverslag følger saka som vedlegg.**

#### **VURDERING**

Stordalen skisenter AS er eit viktig og vellukka tiltak. Skisenteret har alt vorte mykje brukt, og medverkar sterkt til at Stordalen er i god utvikling som eit viktig og godt friluftsg- og aktivitetssområde både sommar og vinter. Det er svært positivt at senteret no etablerer snøproduksjonsanlegg. Dette vil gje lenger sesong, og sikrere drift også når snøforholda i Stordalen er ustabile. Bak suksessen i drifta av skisenteret står ei gruppe eldsjeler i IL Bjørn West. Dei har gjort eit framifrå arbeid.

Men skisenteret har alt fått stor offentleg stønad frå fleire kjelder, slik dei sjølv skriv i søknaden. Ut frå vedtektene i kraftfondet er det derfor vanskeleg å sjå at det er grunnlag for å imøtekoma søknaden

**Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare moglege støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.**

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastsett i § 5.

## KONKLUSJON

Framlegg til vedtak:

Søknaden frå Stordalen skisenter AS om lån kr. 100 000 og tilskot kr. 25 000 frå kraftfondet vert ikkje imøtekomen.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.09.2011	056/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.09.2011	073/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-650

Arkivsaknr.: 11/516

### SAK 073/11 - MATRE H KRAFTVERK - VURDERING AV KONSESJONSPLIKT

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet 22.9 med tanke på utforming av uttale → tilråding frå formannskapet som vert vedteken av Kommunestyret 29.9.

#### Finansiering

#### Heimel

#### FS-056/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Konesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

#### Det skjedde i Formannskapet den 22.09.2011:

Saksutgreiing vart delt ut. Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

Nytt framlegg frå rådmannen er:

- Konesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

Nytt framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

## **KS-073/11 VEDTAK:**

- **Konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H**
- **Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planar om ny vasskraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Frode Langhelle sa seg ugild i saka sidan han jobbar i BKK.  
Dette vart samrøystes vedteke.

Terje Sætre sa seg og ugild sidan han og jobbar i BKK.  
Dette vart samrøystes vedteke.

Kjell Løvik tiltrådde møtet som vara for Frode Langhelle.

Ordførar Håkon Matre orienterte no om saka.

Saka vart drøfta.

**Kjell Løvik, H**, gjorde framlegg om å utsetja saka og sa at formannskapet kan få fullmakt til å gjera vedtak saka.

Svein Helge Hofslundsengen sa at me har fått utsett høyringsfrist til 1. oktober.

Det vart drøfting kring utsettingsframlegget.

**Liv Oda Dale** sa at Ap vil handsama saka i dag og vil gå for framlegget frå formannskapet.

### **Røysting:**

Det vart røysta over utsettingsforslaget frå Høgre.  
Utsettingsframlegget fekk 3 røyster (H) og fall.

**Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.**



## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.08.2011	NVE	Vurdering av konsesjonsplikt for Matre H - høring av plandokument
2	I	30.08.2011	Modalen kommune	Vurdering av konsesjonsplikt for Matre H høring av plandokument

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

NVE har i skriv av 12.8.2011 bede om uttale kring – vurdering av konsesjonsplikt for Matre H – høring av plandokument.

Viser til formannskapsmøte febr. 2010

#### **Ein ønskjer ei avklaring som LVK medlemskommune kring**

**Tilslutning til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart**

**vs. omsynet til utbyggjar sine interesser og lengre dialog kring aktuelle tiltak som m.a. sikrar massar til veg Matresøyna og andre fordeler/interesser for lokalsamfunnet.**

**Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet 22.9 med tanke på utforming av uttale som tilrådd og vedteken av Kommunestyret 29.9.**

### HØYRING

NVE har i skriv av 12.8.2011 – NVE 201003920-6 kv/swj bede om uttale kring vurdering av konsesjonsplikt for Matre H – høring av plandokument innan 21.september. har bede om uttalefrist ut september – vil ha saka opp til politisk handsaming, og møter 22 og 29.sept.

**NVE anser det som viktig at Masfjorden kommune får uttalt seg i denne saken.**

**Ny frist for uttalelse i forbindelse med konsesjonsplikt for Matre H settes til 1. oktober 2011.**

Hensikta med høringsrunde frå NVE side er å få innspel på spesielle lokale ting/forhold som har betydning ved konsesjonen.

Konsesjon/revisjon av konsesjon er normalt eit tidkrevjande forhold

### UTTALE

Lokale forhold

Magasin

Masseuttak og bruk av desse

Konsesjonsfritak normalt berre til småanlegg

## FAKTA

### **SAK 057/11 – HØYRINGSUTTALE OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.
2. Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.

#### **KS-057/11 VEDTAK:**

1. **Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.**
2. **Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.**

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:**

Saka vart drøfta.

**Kjell Løvik, H**, sa at dette er ei viktig sak for kommunen. Grunnlaget for vår økonomiske situasjon er lagt i eigedomsskatten.

Det er viktig at de som representerer partia set dykk inn i det som har med kraft å gjera og brukar partikanalane for å fremja saka.

Det er viktig å setja dette på dagsorden å synleggjera at me har moglegheit til å bu i ein kommune som Masfjorden.

Det er ikkje rett at eigarane av kraftselskapa skal ta ut større utbytte pga av redusert skatt. Med fjerning av makspris vil vasskraftkommunane få større del av kraftselskapa sine inntekter gjennom auka eigedomsskatt.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at dei sluttar seg til det som Løvik sa. Sp meiner at verdiane skal tilbakeførast der dei er skapte.

Søvik ba om at kommunestyret må få framlagt høyringsuttalen som vert sendt ut.

**Marit Steinestø, KrF**, ba om at partia får tilsendt uttalen så snart den er klar slik at partia kan bruka den i arbeidet sitt.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

Uttale sendt;

## **Høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk.**

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 15.04.2011.

**Bakgrunn.** Masfjorden kommune er den nordlegaste kommunen i Hordaland, - ein kommune med ca 1670 innbyggjarar og eit areal på 558 m<sup>2</sup>. Med store avstandar og ein svært spreidd busetnad, er kommunen ein av dei mest kostnadskrevjande kommunane i Hordaland å driva.

*Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK)* har ein stor del av sin kraftproduksjon i Masfjorden kommune, og det er BKK sine produksjonsanlegg som utgjer det aller meste av den eigedomsskatten kommunen årleg får inn. For 2010 ville kommunen fått nær 6 mill. kroner meir i eigedomsskatt om det ikkje hadde vore maksimumsgrense i eigedomsskattegrunnlaget.

**Ei samanlikning.** Sjølv om Masfjorden kommune er den kommunen der BKK produserer mest vasskraft, er kommunen sin eigarandel i BKK berre 0,1%. Statkraft Holding sit med 49,9% i selskapet. Til samanlikning har Bergen kommune 37,75% av aksjane, utan at BKK nokon gong har produsert så mykje som ein kilowattime i den kommunen. Dette betyr at Bergen kommune har årleg utbytte på vel 300 mill. når Masfjorden kommune får 0,8 mill.

Vi skal ikkje her gå nærare inn på dette sakskomplekset her, men berre konstatera at for dei store eigarkommunane er utbytte det vesentlege, og utbyttet er av ein heilt annan storleiksorden enn eigedomsskatten som stort sett tilfell små distriktskommunar. I tilfellet BKK sit vertskommunane (i det vesentlege Masfjorden) med marginale eigarinteresser.

Stilt på spissen kan ein seia at spørsmålet om maksimumstaket i eigedomsskatten for kraftverk går på om Masfjorden kommune skal få del i verdiauken for kraftverka i kommunen, eller om det er eigarkommunar som Bergen eller staten som skal få (også) denne.

Som departementet gjerne er kjent med, har Bergen kommune og Statkraft, mot røystene til landkommunane, dvs. dei andre eigarkommunane i BKK, vedtatt å ta ut ekstraordinært utbytte frå BKK på 500 mill./år for åra 2009-2011. For Bergen kommune vert desse midlane m.a. nytta til å redusera eigedomsskatten i kommunen. Med andre ord vert ressursar som for ein stor del er henta ut frå Masfjorden kommune nytta til å setja ned eigedomsskatten i Bergen kommune. Dette er etter vårt syn eit hån både mot Masfjorden kommune og ressursane som storsamfunnet hentar ut her, og det viser kor skeivt kraftregimet kan fungera. For oss er det uforståeleg at departementet i si innstilling går inn for å oppretthalda og forsterka desse skeivheitene.

**Generelle synspunkt.** Vi har følgd utviklinga av skatteregimet for kraftverk dei siste 30 åra, og har eit klårt inntrykk av at endringane i perioden har gått i eigarane sin favør medan vertskommunane har vore taparar. Også i det generelle statlege overføringssystemet til kommunane ser vi same tendensen, og i den siste endringa (f.o.m. 2011) kjem Masfjorden kommune dårlegast ut av alle kommunane i Hordaland. På denne bakgrunn finn vi det nærast uforståeleg at departementet argumenterer mot å la naturlege verdiutviklingsvurderingar påverka eigedomsskatten for kraftverk slik det er for alle andre eigedomsskatteobjekt.

Det kan ikkje vera tvil om at tida er gått ut for minimums- og maksimumsverdiane i samband med eigedomsskatten for kraftverk. Minimumsverdien hadde sin misjon i å hindra at kommunane tapte altfor mykje frå eit år til eit anna i samband med omlegging av skattesystemet. Om maksimumsverdien vart det i St.prp.nr.1 (2003-2004) sagt: *"Dette vil føre til at kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet."* Denne balansen, som er basert på ein slags symmetri i skatteopplegget, er no (akkumulert sett) klårt i disfavour av kommunar som har eigedomsskatt som den mest vesentlege inntekta frå kraftverk i kommunen.

I den skatteomlegginga som vart gjennomført for 10 år sidan, var minimumsgrensene meint som ein "buffer" mot stort inntektsbortfall for enkelte kommunar i overgangsperioden. Dette er uttrykt slik i Ot.prp. nr 47 (1999-2000): *"Etter departementets syn bør minimumsverdien settes så lavt at den kun har betydning for enkeltkommuner i perioder med meget lave kraftpriser"*.

Då maksimumsgrensa vart innført frå 2004, var dette for *". . at kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet."*

**Oppsummering/konklusjon.** Vi er no i ein situasjon der både minimums- og maksimumsverdiane er reine historiske reminisensar. Uansett korleis ein ser det, er spørsmålet om høgare verdiar av kraftverka skal gje auka eigedomsskatt til vertskommunane (distriktskommunar) eller meir utbytte til eigarkommunane (i stor grad bykommunar og staten). I Masfjorden kommune synest dette krystallklårt: Verdiauken som gjeld kraftverk i kommunen bør krediterast vertskommunen i form av auka eigedomsskatt når kommunen har innført eigedomsskatt på verk og bruk.

Vi har elles merka oss dei synspunkta LVK har gitt på denne saka, m.a. i skrivet datert 31.01.2011 og uttalen etter styremøtet 17.06.2011. Masfjorden kommune stør desse fullt ut.

Vi merkar oss m.a.:

- Merknadane om skatterabatt, og vurderingane om i kva grad dette er ulovleg statsstøtte etter EØS-avtalen artikkel 61.
- Spørsmålsstillinga om i kva grad det er rett at **utbytta til eigarkommunane** skal auka med aukande kraftprisar (i stor grad synonymt med aukande overskot for kraftselskapa) medan **eigedomsskattetapet for vertskommunane** også aukar med aukande kraftprisar.
- Påpeikinga av at maksimumsverdien gir kommunane ein eigedomsskatt som vert redusert i realverdi, uavhengig av lønsemda for kraftprodusenten. Dette er stikk i strid med Stortinget si målsetjing om at det skal vera reelle marknadsverdiar som dannar grunnlag for skattlegginga.

I høyringsfråsegna vert det gjort ein poeng av at ei oppheving av maksimumsgrensene vil slå skeivt ut mellom kommunane. LVK har gitt klår melding om at dersom dette skulle vera eit hinder for at ordninga vert oppheva, ønskjer dei ein dialog med departementet om saka.

Masfjorden kommune er kjent med at det er vilje til å sjå på alternative ordningar hos dei kommunane som vil koma best ut med fjerning av maksimumsverdien, t.d. i form av regionale næringsfond eller liknande. Vi vil sterkt tilrå at departementet tar ein dialog med LVK om denne saka.

**Resolusjon fra LVKs landsmøte i Sarpsborg 19. august 2011****Særordningen med maksimumsverdi for eiendomsskatt på store kraftanlegg må avvikles**

*Mer enn 350 deltakere fra 173 medlemskommuner på LVKs landsmøte i Sarpsborg viser til at det foreligger omfattende planer og søknader for flere terrawattimer vannkraftutbygging i våre kommuner. Disse utbyggingsplanene forutsetter bruk av våre naturverdier, og vil føre til merkbare naturinngrep.*

*Gjeldende regelverk gir ikke vertskommunene noen rimelig og rettferdig andel av den verdiskaping som finner sted, slik det har vært bred enighet om på Stortinget at de berørte lokalsamfunn skal ha. Tidligere konsesjonsrettigheter virker ikke for dagens vannkraftutbygging, naturressursskatten utjevnes i inntektssystemet og eiendomsskatten har et lovregulert maksimaltak. Ni av ti kraftanlegg betaler i dag eiendomsskatt etter unntaksregelen om maksimaltak og får dermed en stor skatterabatt, som øker ved økt lønnsomhet. Lovens hovedregel om at eiendomsskatten skal gjenspeile anleggets reelle markedsverdi er tilsidesatt.*

*Bare en avvikling av særordningen med maksimaltak kan gjenopprette balansen mellom kraftforetak, staten og vertskommunene for så vidt gjelder fordelingen av verdiskapingen. landsmøtet henstiller medlemskommunene å stille i bero videre behandling av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil Regjeringen har avklart sitt syn på ordningen med maksimumsverdi på kraftanlegg.*

**VURDERING****Ein ønskjer ei avklaring som LVK medlemskommune kring**

**Tilslutning til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart**

**vs. omsynet til utbyggjar sine interesser og lengre dialog kring aktuelle tiltak som m.a. sikrar massar til veg Matresøyna og andre fordeler/interesser for lokalsamfunnet.**

**KONKLUSJON**

1. konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
2. Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.09.2011	057/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.09.2011	074/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102

Arkivsaknr.: 11/369

### SAK 074/11 - BUDSJETTREVISJON AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2011

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Investeringsbudsjettet vert justert med prosjekt kalkdoseraranlegg Frøyset 2,5 mill.kr. og kommunal finansieringsdel byggefelt Einestrاند med 1,5 mill.kr., styrking kommunale vegar med 350.000,-. (som saman med budsjettsalderinga av 24.3.2011, KS sak 21/11) gjev følgjande revidert investeringsbudsjett for 2011;

## Budsjettskjema 2A

	Revidert Budsjett 2011	Opphavleg budsjett 2011
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>		
Investering i anleggsmidler	27 802 500	22 016 000
Utlån og forskoteringar	2 500 000	500 000
Avdrag på lån	280 000	280 000
Avsetjingar	250 000	250 000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>30 832 500</b>	<b>23 046 000</b>
<b>FINANSIERING</b>		
Bruk av lånemidler	-11 500 000	-9 500 000
Inntekter frå sal av anleggsmidler	0	0
Tilskot til investeringar	-4 600 000	-4 600 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-180 000	-180 000
Andre inntekter	-500 000	-500 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-16 780 000</b>	<b>-14 780 000</b>
Overført frå driftsrekneskapen	-3 452 000	-3 452 000
Bruk av avsetjingar	-10 600 500	-4 814 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-30 832 500</b>	<b>-23 046 000</b>
<b>Udekket/udisponert = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Budsjettskjema 2B

<b>Investeringsprosjekt;</b>		
EDB - felles	1 000 000	1 000 000
Nordbygda barnehage	100 000	
Sandnes skule - brannvarsling	70 000	
Sjukaheimen - aggregat	300 000	
Utleigebustadar Sandnes	2 300 000	2 300 000
Matre symjebasseng	7 800 000	7 800 000
Omsorgsbustadar indre - sprinkling	260 000	
Bil TML	410 000	
Kommunale vegar	3 766 000	3 416 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000
Bustadfelt - Einestrاند	1 500 000	
Kalkdoseraranlegg - Frøyset	2 500 000	
Vassforsyning	7 000 000	7 000 000
Fleirbrukshall Hosteland	209 000	
Pipe fargeriet	87 500	
<b>Summering investering i anleggsmidler</b>	<b>27 802 500</b>	<b>22 016 000</b>

### 2) Driftsbudsjettet vert

#### a) korrigerings av sum overføring frå drift til investerings

17280	1200	87003	-100 000,00	15700	1200	87003	100 000
17280	1200	12006	-200 000,00	15700	1200	12006	200 000
17280	1200	31505	-100 000,00	15700	1200	31505	100 000
17280	1200	33301	-683 000,00	15700	1200	33301	683 000
			<u>-1 083 000</u>				1 083 000

#### b) budsjettendring i tråd med disponering av årsoverskot 2010

#### c) øyremerkta tilskot kulturskulen med om lag 60.000 vart ikkje avsett i 2010 rekneskapen, bruker frie fondsmidler drift i 2011 rekneskapen

- d) lærlingar har ei underdekning i 2011 budsjettet med kr. 346.000,- og konto 10503 aktuelle tenesteområde vert tilført midlar, og tiltaket vert finansiert med potten for tilleggsøyvingar 11205-120-18004 fellesutgifter

**Finansiering**

Alle budsjettendringane har finansiering/inndekking

**Heimel**

Budsjettføresegnene, eige økonomireglement, Kommuneleva



**KS-074/11 VEDTAK :**

- 1) Investeringsbudsjettet vert justert med prosjekt kalkdoseraranlegg Frøysetvassdraget 2,5 mill.kr. og kommunal finansieringsdel byggefelt Einestrand med 1,5 mill.kr., styrking kommunale vegar med 350.000,-. (som saman med budsjettsalderinga av 24.3.2011, KS sak 21/11) gjev følgjande revidert investeringsbudsjett for 2011;

**Budsjettskjema 2A**

	Revidert Budsjett 2011	Opphavleg budsjett 2011
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>		
Investering i anleggsmidlar	27 802 500	22 016 000
Utlån og forskoteringar	2 500 000	500 000
Avdrag på lån	280 000	280 000
Avsetjingar	250 000	250 000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>30 832 500</b>	<b>23 046 000</b>
<b>FINANSIERING</b>		
Bruk av lånemidlar	-11 500 000	-9 500 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0	0
Tilskot til investeringar	-4 600 000	-4 600 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-180 000	-180 000
Andre inntekter	-500 000	-500 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-16 780 000</b>	<b>-14 780 000</b>
Overført frå driftsrekneskapen	-3 452 000	-3 452 000
Bruk av avsetjingar	-10 600 500	-4 814 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-30 832 500</b>	<b>-23 046 000</b>
<b>Udekka/udisponert = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Budsjettskjema 2B**

<b>Investeringsprosjekt;</b>		
EDB - felles	1 000 000	1 000 000
Nordbygda barnehage	100 000	
Sandnes skule - brannvarsling	70 000	
Sjukeheimen - aggregat	300 000	
Utleigebustadar Sandnes	2 300 000	2 300 000
Matre symjebasseng	7 800 000	7 800 000
Omsorgsbustadar indre - sprinkling	260 000	
Bil TML	410 000	
Kommunale vegar	3 766 000	3 416 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000
Bustadfelt - Einestrand	1 500 000	
Kalkdoseraranlegg - Frøyset	2 500 000	
Vassforsyning	7 000 000	7 000 000
Fleirbrukshall Hosteland	209 000	
Pipe fargeriet	87 500	
<b>Summering investering i anleggsmidlar</b>	<b>27 802 500</b>	<b>22 016 000</b>

**2. Driftsbudsjettet vert****a) korrigering av sum overføring frå drift til investering**

17280	1200	87003	-100 000,00	15700	1200	87003	100 000
17280	1200	12006	-200 000,00	15700	1200	12006	200 000
17280	1200	31505	-100 000,00	15700	1200	31505	100 000
17280	1200	33301	<u>-683 000,00</u>	15700	1200	33301	683 000
			-1 083 000				1 083 000

**b) budsjettendring i tråd med disponering av årsoverskot 2010****c) øyremarka tilskot kulturskulen med om lag 60.000 vart ikkje avsett i 2010 rekneskapen, bruker frie fondsmidlar drift i 2011 rekneskapen****d) lærlingar har ei underdekning i 2011 budsjettet med kr. 346.000,- og konto 10503 aktuelle tenestemråde vert tilført midlar, og tiltaket vert finansiert med potten for tilleggsløyvingar 11205-120-18004 fellesutgifter****Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Det vart stilt spørsmål om kvifor det i første avsnitt sto Frøyset sidan kalkdoseraranlegget låg ved Lauvfossen. Ordførar Håkon Matre gjorde då framlegg om å retta det opp til Frøysetvassdraget som ville vera meir korrekt.

Ordførar hadde og merknad til at bokstaveringa i pkt 2 må ordnast.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med endring til Frøysetvassdraget i pkt. 1.**

**FS-057/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

- 1) Investeringsbudsjettet vert justert med prosjekt kalkdoseraranlegg Frøyset 2,5 mill.kr. og kommunal finansieringsdel byggefelt Einestrand med 1,5 mill.kr., styrking kommunale vegar med 350.000,-. (som saman med budsjettssalderinga av 24.3.2011, KS sak 21/11) gjev følgjande revidert investeringsbudsjett for 2011;

<b>Budsjettskjema 2A</b>		
	Revidert Budsjett 2011	Opphavig budsjett 2011
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>		
Investering i anleggsmidlar	27 802 500	22 016 000
Utlån og forskoteringar	2 500 000	500 000
Avdrag på lån	280 000	280 000
Avsetjingar	250 000	250 000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>30 832 500</b>	<b>23 046 000</b>
<b>FINANSIERING</b>		
Bruk av lånemidlar	-11 500 000	-9 500 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0	0
Tilskot til investeringar	-4 600 000	-4 600 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-180 000	-180 000
Andre inntekter	-500 000	-500 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-16 780 000</b>	<b>-14 780 000</b>
Overført frå driftsrekneskapan	-3 452 000	-3 452 000
Bruk av avsetjingar	-10 600 500	-4 814 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-30 832 500</b>	<b>-23 046 000</b>
<b>Udekka/udisponert = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettskjema 2B</b>		
<b>Investeringsprosjekt;</b>		
EDB - felles	1 000 000	1 000 000
Nordbygda barnehage	100 000	
Sandnes skule - brannvarsling	70 000	
Sjukeheimen - aggregat	300 000	
Utleigebustadar Sandnes	2 300 000	2 300 000
Matre symjebasseng	7 800 000	7 800 000
Omsorgsbustadar indre - sprinkling	260 000	
Bil TML	410 000	
Kommunale vegar	3 766 000	3 416 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000
Bustadfelt - Einestrand	1 500 000	
Kalkdoseraranlegg - Frøyset	2 500 000	
Vassforsyning	7 000 000	7 000 000
Fleirbrukshall Hosteland	209 000	
Pipe fargeriet	87 500	
<b>Summering investering i anleggsmidlar</b>	<b>27 802 500</b>	<b>22 016 000</b>

**2) Driftsbudsjettet vert****e) korrigerering av sum overføring frå drift til investerering**

17280	1200	87003	-100 000,00	15700	1200	87003	100 000
17280	1200	12006	-200 000,00	15700	1200	12006	200 000
17280	1200	31505	-100 000,00	15700	1200	31505	100 000
17280	1200	33301	<u>-683 000,00</u>	15700	1200	33301	683 000
			-1 083 000				1 083 000

**f) budsjettendring i tråd med disponering av årsoverskot 2010****g) øyremarka tilskot kulturskulen med om lag 60.000 vart ikkje avsett i 2010 rekneskapen, bruker frie fondsmidlar drift i 2011 rekneskapen****h) lærlingar har ei underdekning i 2011 budsjettet med kr. 346.000,- og konto 10503 aktuelle tenestekområde vert tilført midlar, og tiltaket vert finansiert med potten for tilleggsføringar 11205-120-18004 fellesutgifter****Det skjedde i Formannskapet den 22.09.2011:**

Saka vart drøfta.

Formannskapet vedtok samrøystes tilrådinga til kommunestyret.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	08.06.2011	Inger Marie Duesund - gjeld barnehagane	Innspel til budsjettsaldering 2011
3	I	30.06.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Skjønsmidlar til omstilling og fornying i kommunane
4	I	19.09.2011	Svein-Helge Hofslundsengen	Notat om refusjon for barnehageborn som har plass i private barnehagar i andre kommunar

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Budsjettendring av eit omfang som krev Kommunestyrevedtak.

## UTTALE

### **MASFJORDEN KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN – Fylkesmannen sitt budsjettbrev for 2011 budsjettet (opphavleg budsjett 9.12.2010)**

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2011 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 09.12.2010.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45, 3. punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret. Skatteøyret for personlege skattytarar blir redusert frå 12,8 % i 2010 til 11,3 % i 2011. Reduksjonen i skatteøyret blir gjort med sikte på å redusera skatteinntektene sin del av samla inntekter. Samla for kommunane svarer dette til ein like stor auke i statleg rammeoverføring.

#### **Frie inntekter**

Kommunen har budsjettert med kr. 43,7 mill. i skatt på eige og inntekt for 2011.

I 2010 var det ein samla skattevekst for kommunane i landet på 6,6 %. Det er no rekna med ein skattereduksjon for kommunane frå 2010 til 2011 med 6,2 %. Pårekna skattereduksjon er knytt til reduksjonen i skatteøyret.

Kommunen sitt skattenivå i 2010 var 118,0 % av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2011 tilsvarande 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2011 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 % av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 94,1 mill.

Inntektsprognosen er no oppdatert med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2011 og innkomen skatt i 2010. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2011. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2010. Den noverande inntektsprognosen er kr. 93,5 mill. Dei budsjetterte frie inntektene var i opphavleg budsjettvedtak kr. 0,6 mill. høgare enn noverande prognose. Dette har samanheng med ei svak skattevekst i kommunen i 2010. I samband med budsjettrevisjon, vedteke i kommunestyremøte 24. mars d.å., er dei frie inntektene i budsjettet redusert med kr. 100.000,-. Dei frie inntektene i budsjettet er framleis kr. 0,5 mill. for høge i høve til noverande inntektsprognose. Kommunen har fått småkommunetilskot i fleire år. I år utgjer det om lag kr. 4,8 mill. Kommunen sitt skattenivå i 2010 var under 120 % av landsgjennomsnittet, slik at småkommunetilskotet blir vidareført også for 2012.

#### **EIGEDOMSSKATT**

Det er budsjettert med kr. 19.850.000,- i eigedomsskatt for 2011. Eigedomsskatten er 7 promille av takstgrunnlaget for verk og bruk. Eigedomsskatten i kommunen kjem i hovudsak frå kraftproduksjonsanlegg. Det er ikkje lagt opp til å utvida grunnlaget for eigedomsskatt utover verk og bruk.

### Løns- og prisauke

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2011 er i statsbudsjettet 2,8 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 3,25 % ( vekt 0,635 ) og varekjøp med 2,0 % ( vekt 0,365 ).

### Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50,7.ledd kan gjenstående løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet. Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda ( når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med ). Det er budsjettert med kr. 3,7 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån ). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag.

### Driftsresultat

Kommunelova § 46, pkt. 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ). Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen. Frå og med 2010 er det endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det vil vere ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014. For budsjettåret 2011 skal minimum 40 % av meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bli overført til investeringsrekneskapen. Budsjettforskrifta § 5 og rekneskapsforskrifta § 3 er endra i samsvar med dette. Denne overføringa til investeringsrekneskapen må bli gjennomført sjølv om ein kommune eventuelt har meirforbruk i årsrekneskapen for det same året eller frå tidlegare år. Kommunen praktiserer å nytta heile momskompensasjonen frå investeringar til finansiering av investeringar. Kommunen har med andre ord allereie lagt om til den praksis som kommunane må følgje frå og med 2014. Netto driftsoverskot i budsjettet er kr. 2.861.000,-. Netto driftsoverskot er planlagt nytta til driftsfinansiering av investeringar og netto avsetjing til disposisjonsfond. Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møta ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Kommunen får utbetalt ekstraordinært utbytte frå BKK A/S både i 2009, 2010 og 2011. Dette utgjer for kvart av åra om lag kr. 0,5 mill. ( 0,10 % av kr. 500 mill. ). Det ekstraordinære utbyttet er inntektsført i investeringsbudsjettet. Kommunen hadde eit netto driftsoverskot i 2010 med om lag kr. 10 mill. Dette utgjer 6,4 prosent av driftsinntektene. Akkumulert rekneskapsoverskot ved utgangen av 2010 er om lag kr. 4,3 mill.

### Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2011 er det planlagt brutto investeringar for tilsaman kr. 22 mill. Dei største investeringane er i Matre symjebasseng, vassforsyning, kommunale vegar og utleigebustader Sandnes. Investeringane er planlagt finansierte med lån ( kr. 9,0 mill. ), investeringstilskot, driftsfinansiering og bruk av avsetjingar. Det er innarbeidd lån til vidare utlån med kr. 0,5 mill. Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2009 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til om lag kr. 49.786,-. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 40.759,-. Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg dei seinaste åra, og nivået må no bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har no eit gjeldsnivå som ligg om lag 7 prosent

høgare enn landsgjennomsnittet ( utanom Oslo ). Kommunen si ordinære lånegjeld ved utgangen av 2010 er rekna til om lag kr. 67,4 mill., eller kr. 40.300,- pr. innbyggjar. Kommunen har lagt opp til for kvart år å ikkje ta opp større lån enn det kommunen betaler i årlege ordinære avdrag. Investeringane blir utover denne låneramma finansierte med driftsmidlar, bruk av fond og statleg tilskot. Det er for 2011 planlagt å ta opp lån kr. 9,0 mill. til investeringar. Dei ordinære avdraga i 2011 er kr. 3,7 mill. Låneopptaka i år ligg difor betydeleg høgare enn dei ordinære avdraga. Det er viktig at kommunen berre gjer unntak frå handlingsregelen i år. Fylkesmannen tilrår at kommunen i åra etter 2011 igjen følgjer opplegget med å ikkje ta opp større lån enn det som blir betalt i avdrag. Ved å følgje dette opplegget vil kommunen unngå at gjeldsnivået blir for høgt over tid.

#### OPPSUMMERING

Dei frie inntektene kan vere budsjettert noko for høgt i høve til noverande inntektsprognose. I revidert budsjett er dei frie inntektene kr. 0,5 mill. for høge i høve til den siste inntektsprognosen. Kommunen tek i år opp større lån enn det som blir betalt i ordinære avdrag. Det er viktig at kommunen dei neste åra følgjer handlingsregelen frå tidlegare år med å ikkje ta opp større lån enn det som blir betalt i ordinære avdrag kvart år.

#### FAKTA & VURDERING

Budsjettet for 2011 er tidlegare justert i samband med budsjettssalderinga 2011 jf. KS sak 21/11 av 24.3.2011.

#### REVIDERT NASJONALBUDSJETT 2011

##### *Endringar i det økonomiske opplegget for 2011:*

Kostnadsvekst Pårekna kostnadsvekst ( prisindikatoren ) for kommunesektoren for 2011 var i statsbudsjettet 2,8 prosent, fordelt mellom pårekna lønsvekst med 3,25 prosent ( vekt 0,635 ) og varekjøp med 2,0 prosent ( vekt 0,365 ).

Lønsovergangen i kommunesektoren ga ein større lønsvekst enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Pårekna kostnadsvekst er difor auka i høve til statsbudsjettet. Kostnadsveksten blir no for i år rekna til 3,4 prosent. Lønsvekst inngår i denne med 4 ¼ prosent. For primærkommunane samla utgjør dette meirutgifter med om lag kr. 1,6 mrd. i høve til det som var lagt til grunn i statsbudsjettet ( primærkommunane er rekna som 80 prosent av den samla kommuneforvaltninga ).

Auka skatteinntekter På grunnlag av statsbudsjettet var det rekna med ein skattereduksjon for kommunane frå 2010 til 2011 med 6,2 %. Reduksjonen skuldast lågare skatteøyre for personlege skattytarar. Målsetjinga med redusert skatteøyre er at ein mindre del av kommunane sine inntekter skal kome frå skatt og tilsvarande større del av inntektene gjennom rammeoverføring. Det blir no rekna med større skatteinngang i år enn innarbeidd i statsbudsjettet. For primærkommunane samla er skatteinntektene oppjustert med i underkant av kr. 1,0 mrd. Pårekna skattereduksjon frå 2010 til 2011 blir med dette 5,4 % for primærkommunane, det vil sei mindre skattereduksjon enn lagt til grunn i statsbudsjettet.

Øyremerka tilskot, Pårekna utbetaling av øyremerka tilskot frå staten til kommunane er samla auka ( netto ) med om lag kr. 100 mill. Auken er knytt til auka utbetaling av investeringstilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustader, jf. vedtak mot slutten av 2010 om å auka tilskotssatsane ( frå og med 2008 ) til føremålet.

Når vi tek omsyn til både meirutgifter knytt til lønsoppgjret ( - kr. 1,6 mrd. ), auka skatteinntekter ( + kr. 1,0 mrd. ) og auka øyremarka tilskot netto ( + kr. 0,1 mrd. ), er reduksjonen i samla inntektsramme for primærkommunane om lag kr. 0,5 mrd. i høve til statsbudsjettet.

## Investeringar

1) Inn med budsjettmidlar til vedtak kring kommunal medverknad bustadfelt Einestrand. Finansiering av fondmidlar, avsetjing rekneskapen 2009 og 2010

2) Kalk, avtale og finansiering ved Fylkesmannen – kalkdoseraranlegg – deler av midlane plassert på fond i 2010 rekneskapen, og nytta i 2011.

## 3) «Sdo\_Tittel»

Kommunestyret har gjort vedtak om asfaltering av mellom anna Mollandsvegen i 2011. Masfjorden kommune har inngått gunstig avtale med Lemminkäinen Norge AS for inneverande år. Behov for midlar til asfaltering av Mollandsvegen vil utgjere ca kr 500 – 550 000. Det som no står att på avsette midlar til asfaltering er kr 200 000.

Vi ser det som viktig å få lagt asfalt på heile denne vegen no, både på grunn av den gunstige prisen og på grunn av det vi vil spare på vedlikehald på vegen dersom den får fast dekke no. Ber derfor om ekstra midlar på inntil kr 350 000 til dette føremålet. Ein tilrår at dette vert utført – finansiert med investeringsfond (balansekonto 2.5300.000).

## 4) Vassverk;

Masfjorden vassverk vart sett i drift i år 2000 med tilhøyrande pumpestasjon på Andvik. Denne stasjonen si oppgåve er å pumpe vatnet ut til abonnentar som er tilknytt Masfjorden vassverk, og samtidig fyller opp vassreservar i høgdebassenga våre. Me er derfor svært avhengig av at alle 5 pumpene fungerer optimalt til ein kvar tid for å kunne levere vatn til abonnentane.

Etter snart 12 års drift på pumpestasjonen nærmar tida på forventa levetid på pumpene seg. Leverandøren seier mellom 12 og 15 års drift.

For å ivareta leveringstryggleiken er det ynskjeleg å få montert inn ei ny ekstra pumpe. Denne vil fungere som ein ekstra tryggleik om det skulle oppstå problem med ei av dei eksisterande pumpene på Andvik. Denne vil kunne setjast i drift ved overhaling av pumper på stasjonen, eller ved anna behov.

Estimert kostnad for å få dette på plass er ca 100.000,- ferdig atomisert.

Tiltak innafor generell budsjettløyving vassverk med 500.000,-

**Samla sett inneber årets investeringsbudsjett stor bruk av tidlegare års avsetjingar, og lite midlar til kommande års investeringar, og kraftig opplåning som får konsekvensar for driftsbudsjettet i mange år framover.**



## Drift

### 1) Forholdet mellom overføring frå drift til investering;

avvik mellom sum 09700 vs. 15700

Konto	Dim 1	Dim 2	Budsjett	Avvik	Konto	Dim 1	Dim 2	Budsjett
9700	1200	38101	-1 560 000,00		15700	1200	38101	1 560 000,00
9700	1200	87003	-100 000,00	100 000				
9700	1200	12006	-200 000,00	200 000				
9700	1200	31505	-100 000,00	100 000				
9700	1200	33301	-683 000,00	683 000				
9700	1200	89900	-809 000,00		15700	1200	89900	809 000,00
			-3 452 000,00	1 083 000				2 369 000,00

Avvik mellom sum overført frå drift til investering i hhv. hovudoversikt invstering/2A i forhold til sum i hovudoversikt drift og 1A (sum 09700 vs. 15700), kor det viser seg at for ein del tenester at det ikkje er ført 17280 som inntekt og 15700 som avsetjing. Netto 0 verknad for driftsbudsjettet. Korrigerer vert teke i budsjettrevisjon.

2) Lønsoppgjøret, vi hadde budsjettert med lønsauke på 3,5%, resultat 4,26% - men kor stor del gjeld lønsgliding – netto i underkant 2%, og dermed god dekning i avsette midlar til lønsauke sidan vi nytta oppdaterte lønsdata i budsjettet.

### 3) Lærlingar – arbeidstiltak

Løn til lærlingane i 2011

Namn	Arsløn	Stillingsprosent	Sats	Periode	Periode i mnd	Kostnad
Yvonne Hindenes	279200	80 %	50 %	01.01 - 14.08.11	7,5	69 800 Nordbyda bh fram til 15.08.11, då Matre skule
Barne og ungdom	279200	80 %	80 %	15.08 - 31.12.11	4,5	67 008
Alexander Kårdal	279200	100 %	80 %	01.01 - 15.07.11	6,5	120 987 Omsorgsavd
Helsefag						
Gunn Marit Tangeda	279200	100 %	30 %	01.01. - 31.07	7	48 860 Indre M bh ut 2011
Barne og ungdom	279200	100 %	40 %	01.08 - 31.12	5	Nordb skule frå jan 2012
Marita Duesund	279200	100 %	30 %	01.01 - 28.02.11	2	13 960 Nystova pr. d.d.
Helsefag	279200	100 %	40 %	01.03 - 28.08.11	6	55 840 Sender mail til LAlla Solhaug for
	279200	100 %	50 %	29.08 - 31.12.11	4	46 533 å finne ut når overgang mel avd skjedde.
Solveig Grimsland	279200	100 %	30 %	01.02.11 - 31.07.11	7	48 860 Omsorgsavd ut april, frå Mai heimetenesta Indre
Helsefag	279200	100 %	40 %	01.08.11 - 31.12.11	5	46 533

Svein Birger Haugsdal og Ingebjørg Kjetland er det ikkje lønsulgifter på.  
Førebels ikkje Steffen Langøy på kjøkkenet, men han kan bli frå august.



Steffen Langøy	279 200	100 %	30 %	15.08. - 31.12.11	4,5	31 410 Kjøkken
Institusjonskøkk						

549 791

Konto	Dim 1	Dim 2	Budsjett
10503	2160	20103	88 400,00
10503	2250	25300	100 000,00
10503	2260	25302	15 000,00
			203 400,00

Avvik mellom kostnader og det som er budsjettert medfører eit avvik på 346.000,-, noko som ein tilrår retta, og midlar avsett til tilleggsløyving under fellesutgiftene vert nytta.

## 4) Straum – utvikling



Straumkostnadene har påført kommunen ein del meirkostnader enn budsjettert seinare år. Årets budsjett er nok meir oppdatert og med noverande straumprisar skal ein ikkje oppnå den årlege sprekkjen i 2011!!

5) kulturskulen fekk ein del eksterne øyremerka tilskot i 2010, og om lag 60.000 av desse var unytta ved årsskifte. Søknad om overføring førelåg, men vart gløymt avsett, rettar dette ved at kulturskulen får bruke frie fondsmidlar drift i 2011 rekneskapen inntil 60.000,-.

6) Konesjonskraft – prognose (jf. 1.tertialrapport 2011) Netto inntekt prog. NOK 9 894 898 pr. utgangen av mai 2011, denne er litt ned pr. september – med likevel ein god reserve i høve budsjett på 8 mill.kr. Denne reserven vil ein sterkt tilrå vert nytta som reserve i høve til;

- global finansuro som medfører at verdi på aksjefond og plasseringa elles går ned, pr. dato med over 20%.
- Etablering av kostnadskrevjande avlastningstiltak hausten 2011 – ikkje innarbeidd i budsjettet – eiga sak
- Det same gjeld ei rekkje enkeltsaker handsama 1.halvår av KS som får budsjettkonsekvens
  
- Ein har eit stort behov for vedlikehald og utbetring av utleigebygg (drift eller investering – nivå avgjer) – her legg vi opp til eigne saker.

### **Nokre presiseringar i høve Fylkesmannen sitt budsjettbrev for 2011 budsjettet**

Sum frie inntekter, med 0,5 mill.kr. meir i budsjettet enn prognose – skuldast fordeling ”eldre milliarder”, som kom i rammeoverføringane 2010 og ikkje som vi forventa i 2011 overføringane, og retta ved KS sak 31/11 pkt. 2 f.

### **KS-031/11 VEDTAK :**

- 1) **Årsrekneskapan 2010 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 2.933.610,10.**
- 2) **Årsoverskot 2010 vert nytta til;**
  - a) **Inndekning av udekkja investeringar pr. 31.12.10 Matre skule med kr. 458.375,27**
  - b) **Inndekning av udekkja investeringar pr. 31.12.10 pipe, fargeriet med kr. 162.544,80**
  - c) **Husleige Einekavane 2005-06 med kr. 150.000,- og uteståande Kr. 110.000 – samla 260.000**
  - d) **overføring av unytta midlar, til disp.fond 2.5600.100 PLO**
    - pleie 25300 med kr. 150.000
    - KVR 25301 med kr. 100.000
    - Nystova 25302 med kr. 100.000
    - heimetenester indre med kr. 100.000
    - heimetenester sør med kr. 50.000
  - e) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
  - f) **kommunen sin andel av eldremilliarden kr 459 000 vert avsett til føremålet og overført til 2011-budsjettet.**
  - g) **restsum 868 690,03 vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)**
- 3) **Spesifisering av fondsmidlar;**
  - 1) det vert oppretta bundne driftsfond pensjon med 6,8 mill.kr.
  - 2) bufferfond 4,75 mill.kr. finans jf. økonomireglementet og kap. 19 finansreglementet (2.51 i balansen for pkt. 3.1. og 3.2.)

- 3) 1,0 mill.kr. prosjekt ferjefri kryssing av fjorden (2.55 i balansen), alternativt skilt ut frå disp.fond drift 2.5600.100 til eigne balansepostar for å synleggjere bruksføremålet og avsetjingsgrunnlaget under 2.56.for pensjon og finans.

Vidare i høve til Fylkesmannen sitt skriv, vi praktiserer 100% overføring frå drift til investering knytt til momskompensasjon investeringar, og difor langt meir enn krav på 40%.

## KONKLUSJON

Rådmannen tilrår at det vert gjennomfører ein del nødvendige budsjettendringar, alle endringar har finansiering.

Pkt. 6 under drift vil ein komme tilbake til med ytterlegare budsjettendringar seinare

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.09.2011	075/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/627
-----------	---------------------

### SAK 075/11- SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/3699	I	01.09.2011	Kommunal- og regionaldepartementet	Habilitet i kommunar og fylkeskommunar
2	11/3709	I	26.08.2011	Regionrådet i Nordhordland	Nytt frå Regionrådet i Nordhordland

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **KS-075/11 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:**

**Vigdis Søvik, Sp**, refererte til skriv som var sendt ut frå GMU til næringsdrivande på Hosteland, og som kommunestyret skulle få framlagt, jfr. spørsmål i kommunestyret den 08.09.11.

Ordførar Håkon Matre sa at han hadde ikkje fått tak i skrivet, men at kommunestyremedlemmene skal få det tilsendt så snart han hadde klart å framskaffa brevet.

**Orienteringar:**

Ordfører Håkon Matre orienterte om møte med vegvesenet som var i går den 28.09.2011 på Sandnes.

Tema for møtet var blant anna trafikksikring, kvite tunellar og to felts veg på Rv 570 frå E39 og til Sandnes.

Vegvesenet har no utarbeidd skisse for strekninga frå Kjekallbrua til Mjangersvågen, og reknar med å ha resten av traseen fram til Sandnes klar i løpet av november.

Stordalsvegen – status: Matre sa at vegen etter planen skulle vore ferdig til november, men det blir den ikkje. Dette pga av uforutsette ting, konkursar osv. som har skjedd. Vegvesenet har no i gang entreprenør ved skitrekket slik at vegen skal bli kjørbar før vinteren kjem. Fosselia skal asfalterast og det skal ordnast sikringskantar før vinteren.

**Spørsmål:**

**Willy Borge, Frp**, opplyste om lekkasje i ein bod i ein av dei nye omsorgsbustadane på Hosteland. Dette var ikkje blitt ordna og han spurde om kven dei skulle venda seg til for å få dette ordna.

Karstein Totland, H, sa at etter det han kjende til skulle dette vera ordna, men at det skulle bli sjekka opp.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.09.2011	076/11	Alf Strand

Arkiv: N-216

Arkivsaknr.: 10/855

### SAK 076/11 - SKULESKYSS FOR ELEVANE I TRODALEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Trodal har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

#### Finansiering

#### Heimel

Skyssreglementet  
Opplæringslova

#### KS-076/11 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Trodal har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	07.11.2010	Sveinung Sleire og Inger Amundsen Sleire	Skuleskyss Kvamsdalen
2	U	10.11.2010	Skyss	Skuleskyss Kvamsdal - klage
3	I	11.01.2011	Hordaland Fylkeskommune	Vedkomande skuleskyss frå Ytre Haugsdal til Nordbugda skule
4	I	17.02.2011	Hordaland fylkeskommune	Nytt skoleskyss system - informasjon og påmelding til kurs
5	I	11.04.2011	Hordaland fylkeskommune	Skyss til andre skoler / opplæringsarenaer enn nærskolen
6	I	26.04.2011	samferdselsutvalet Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
7	I	02.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss
8	U	05.05.2011	Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
9	I	06.05.2011	Hordaland fylkeskommune	Skuleskyss med undertransportørar - kostnadsfordeling mellom kommunane og fylkesmannen
10	U	16.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss
14	U	16.09.2011	Sandnes skule	Skuleskyss for elevane på Bauge - melding om vedtak
15	U	16.09.2011	Nordbygda skule	Skuleskyss for elevane i Skjelsundet og på Mollandseid - melding om vedtak
16	U	16.09.2011	Rolf Tenjum	Skuleskyss for elevane på Nymark - melding om vedtak

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Elevane frå Trodalen har hatt skyss til denne tid, men avstanden er for kort til at dei automatisk får busskort. Det må gjerast nytt kommunalt vedtak for at elevane der framleis skal kunna følgja skulebussen. Grunnen er at avstanden mellom heimen og skulen er kortare enn 4 km.

### FAKTA

Grensa for å få gratis skyss er 4 km for elevar i 2. klasse og over. Skyssreglementet slær fast at "avstandsgrensa på 2000 m og 4000 m er absolutt". For at elevane det her gjeld skal få busskort, må kommunen difor gjera vedtak om at dei har rett til skyss pga. særleg farleg skuleveg.

Det er då kommunen som må betala skyssen. (Opplæringslova § 13-4)



## VURDERING

Elevane det her gjeld må bruka vegen gjennom Matresberget som skuleveg. Det er ikkje lov for gåande å nytta tunnelen. Vegen gjennom Matresberget er ikkje tilrådeleg å bruka som skuleveg, i alle fall ikkje vintersdag.

## KONKLUSJON

Kommunen vurderer det slik at vegen mellom Trodal og Matre er å sjå på som særleg farleg skuleveg og at elevane det gjeld difor framleis må få følgja skulebussen til og frå skulen.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 29.09.2011 vert vitna:**

---

Håkon Matre  
Ordfører

---

Frode Langhelle  
kommunestyremedlem

---

Terje Sætre  
kommunestyremedlem